



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# HØYRINGS-DOKUMENT

---



**GRENSEENDRING**

**TODALSØRAN NATURRESERVAT**

**SURNADAL KOMMUNE**

**Høyringsfrist: 15.09.2019**

## 1 INNLEIING

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil med dette høyre grenseendringar i Todalsøran naturreservat i Surnadal kommune.

Naturreservatet har i følgje forskrifta eit totalareal på ca. 400 dekar, av dette er ca. 247 dekar sjø. *Ifølgje Naturbase har verneområdet eit totalareal på ca. 381 dekar.*

Endringa medfører ein reduksjon av arealet på om lag 20 daa om ein brukar arealet oppgitt i verneforskrifta. *Brukar ein arealet oppgitt i Naturbase vil reduksjonen bli på om lag 2,5 daa.*

I samband med dette blir verneforskrifta for naturreservatet tilpassa til det nye arealet, og eigedomsopplistinga blir oppdatert.

Todalsøra naturreservat vart verna ved kgl.res. 8.11.2002 med følgjande formålsparagraf i verneforskrifta: «*Føremålet med fredinga er å ta vare på eit relativt urørt elvedelta med botaniske, zoologiske og geomorfologiske verneverdiar.*».

## 2 HØYRING OG MERKNADSFRIST


Eventuelle merknader må sendast innan 15.september 2019 til

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde eller på e-post til [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpostmottak@fylkesmannen.no)

## 3 BAKGRUNN FOR ENDRINGA

Da Todalsøran vart verna ved kongeleg resolusjon i 2002 ble det laga eit vernekart (vedlegg 1). I 2009 vart vernegrensa gått opp og merka i terrenget (vedlegg 2). Da vernegrensa vart gått opp blei knekkpunkt og grensemerka justert noko for å passe terrenget. Det er derfor nokon forskjellar mellom vernekartet i forskrifta av 2002 og oppmålingskartet (figur 1).

Grensa frå oppmålingskartet er i hovudsak likt det som blir vist i Naturbase og andre kartløyningar nasjonalt. Ved en feil har ikkje vernekartet i forskrifta blitt oppdatert slik at merka i terrenget samsvarar med vernekartet i tilhøyrande verneforskrift. Dette ønskjer vi å rette opp i ved at grensejusteringa som no skal på høyring, dette blir da den juridisk gjeldene grensa.



Figur 1. Kart i verneforskrifta frå 2002 til venstre og oppmålingskart frå 2009 til høgre. Det er spesielt tre områder (sirkla inn) der det er forskjell mellom vernekartet og oppmålingskartet/grensemerka.

#### 4 ENDRINGSFRAMLEGGET

Det fremmast 4 endringar; ved idrettsbana (figur 2), ved Talgø møbelfabrikk (figur 3), vest i verneområdet ved nokon eigendomar (figur 4) og ved småbåthamna (figur 5).

Bakgrunnen for endringsframlegget ved idrettsbana er at da området vart verna og grensene blei merka i terrenget, vart det tatt med eit lite område som ikkje er tilknytt nokon spesiell verneverdi. Området nyttast på sommaren som campingplass og består av grasdekt mark. Arealet er om lag 1,2 dekar.

Ved Talgø møbelfabrikk, området ved småbåthamna og vestsida av verneområdet er det ikkje samsvar mellom oppmålingskart/grensemerker og kartet i verneforskrifta. En har altså ikkje oppdatert vernekartet i forskrifta frå 2002 med dei grensemerka som blei satt ut i terrenget i 2009 og delt ut til grunneigarane. Dette vil vi no rette opp i.

Flyfoto der grenseendringar fremmast:



Figur 2. Vernegrense frå forskrift (gul) og forslag til ny vernegrense (raud) ved idrettsplassen.



Figur 3. Vernegrense frå forskrift (gul) og forslag til ny vernegrense (raud) ved Talgø møbelfabrikk. Ny grense følger oppmålingskartet og grensemerker frå 2009.



*Figur 4. Vernegrense frå forskrift (gul) og forslag til ny vernegrense (raud) på vestsida av reservatet. Ny grense følger oppmålingskartet og grensemerker frå 2009.*



*Figur 5. Vernegrense frå forskrift (gul) og forslag til ny vernegrense (raud) ved småbåthamna. Ny grense følger oppmålingskartet og grensemerker frå 2009.*


## 5 GRENSEFORSLAG

Fylkesmannen har utarbeidd eit framlegg til grenseendring der ein tar ut ca. 20 daa av reservatet slik at det blir samsvar mellom kart i verneforskrift og oppmålingskartet/grensemerka. Vi har vist gammal (gul) og ny grense (raud) på kart og ortofoto (figur 5 og 6). Arealet blir etter dette ca. 380 daa. Eigeomslista blir oppdatert og endra som følgje av grenseendringa, sjå opplisting i framlegg til ny forskrift side 9.


Vi har vurdert ei grenseendring etter prinsippa i naturmangfaldlova (NML) §§ 8-12, jf. også § 7.

Etter § 8 – Kunnskapsgrunnlaget: Ut i frå registreringar gjort i naturbase og artskart er det ingen truga eller raudlista artar eller naturtypar i området som vert teke ut av naturreservatet. Hovudsakeleg er denne grensejusteringa ein teknisk justering, slik at vernekartet i forskrifta skal bli i samsvar med oppmålingskart og grensemerka som blei satt ut i terrenget i 2009.

Områda som blir tatt ut er ikkje leve og hekke-områder for raudlisteartar. Det er heller ikkje registrert raudlista fugle- og planteartar i nærleiken av områda som takast ut. Området ved idrettsbana er ein campingplass i laksefiskesesongen og ved arrangement på Bordholmen stadion. Området ved småbåthamna er steinsett og mudra opp. I verneframlegget frå 1996 er det spesifikt teikna inn at verneområdet ikkje skal overløppe med småbåthamna (vedlegg 3). Kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å vurdere tiltaket, jf. NML § 8 og det vil ikkje vere nødvendig å bruke føre-var-prinsippet i NML § 9. Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10), kostnader ved miljøforringing (§ 11) og miljøforsvarlege teknikkar/driftsmetodar (§ 12) kjem ikkje til bruk i denne saka.



Figur 5. Grenseforslag med ortofoto.



Figur 6. Grenseforslag.



# Framlegg til ny forskrift om vern av Todalsøran naturreservat, Surnadal kommune, Møre og Romsdal.

## § 1. Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: ~~137/1,2,3,4, 10,15 og 69, 145/1,3,7,9 og 21.~~

~~137/1,2,3,4,10,15, 65, 69 og 70, 144/19, 145/1,3,7,9,32,52 og 53.~~

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 400 dekar, av dette er ca. 247 dekar sjø. ~~Om lag 380 dekar inkludert land- og sjøareal.~~

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5000 datert ~~Miljøverndepartementet oktober 2002~~ ~~Klima- og miljødepartementet xx.2019~~. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Surnadal kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, ~~Direktoratet for naturforvaltning~~ ~~Miljødirektoratet og Miljøverndepartementet~~ ~~Klima- og miljødepartementet~~.

## § 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på eit relativt urørt elvedelta med botaniske, zoologiske og geomorfologiske verneverdiar.

## § 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.
6. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

#### **§ 4. Generelle unntak**

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt på hjortedyr og kanadagås og fangst av villmink.
5. Fiske, uttak av fjøremark og agnskjel.
6. Tradisjonelt beite. ~~Direktoratet for naturforvaltning~~ **Miljødirektoratet** kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
7. Jordbruksdrift, medrekna naudsynt motorferdsel, på eksisterande dyrka mark som er i drift på fredingstidspunktet.
8. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9.
  - a) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg.
  - b) Naudsynt istandsetjing ved akutt utfall. Ved bruk av motorkøyretøy skal tiltakshavar i etterkant sende melding til forvaltningsstyremakta.
  - c) Oppgradering og fornying av kraftliner, når dette ikkje medfører endring av, eller breiare linjetrasé. Tiltakshavar skal varsle forvaltningsstyremakta før arbeidet startar.
10. Opplag av båt på etablert båt plass.

#### **§ 5. Eventuelle unntak etter søknad**

Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4, pkt. 2, 6, 8 og 9 bokstav a og c, og sanking av drivved og opprydding.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdseisvegar.
3. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
4. Avgrensa uttak av ved.
5. Opplag av båt på ny plass.
6. Avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk.

7. Tang- og taresanking.
8. Fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta.
9. Avgrensa bruk av naturreservatet som angitt i § 3, pkt. 5.
10. Etablering av anlegg for Kystverket.
11. Oppgradering og fornying av kraftliner som ikkje går inn under § 4, pkt. 9 bokstav c.
12. Oppreinsking i utløpet av Toåa.

#### **§ 6.Ferdsel**

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av naturreservatet.

#### **§ 7.Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, eller for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

#### **§ 8.Skjøtsel**

Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det skal lagast forvaltningsplan som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.


#### **§ 9.Forvaltningsmynde**

Direktoratet for naturforvaltning **Miljødirektoratet** fastset kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskrifta.


#### **§ 10.Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks.


## 6 VEDLEGG



Vedlegg 1: Vernekart Todalsøran naturreservat, jfr. forskrift 2002-11-08-1252.



Vedlegg 2. Oppmålingskart Todalsøran naturreservat som vart delt ut til grunneigarane i 2009.



Vedlegg 3. Utkastet til grensa for Todalsøra naturreservat, mai 1996. Småbåthamna er her teikna utafor vernegrensa.